

ARBEIDARPARTIET SITT VERDIGRUNNLAG

Arbeidarpartiet sin visjon er ei rettferdig verd utan fattigdom, der menneske er frie, likestilte og kan påverke sin eigen kvardag. Alle menneske er unike, uerstattelege og like mykje verd. Vi i Arbeidarpartiet vil ha eit samfunn basert på fridom, solidaritet og like mulegheiter for alle. Trygge menneske skapar trygge samfunn. Små forskjellar og like mulegheiter har gjort at vi i Noreg har sterk tillit kvarandre og til styresmaktene.

Den norske velferdsmodellen byggjer på høg deltaking i arbeidslivet, eit godt samarbeid mellom staten og partane i arbeidslivet og eit breitt utbygd velferdssamfunn for alle. Det krev vilje til politisk styring og vissheit om at fellesskapet fortsatt er det beste for å gje alle menneske del i ei trygg og rettferdig samfunnsutvikling. Modellen gjer at vi i Noreg kan kombinere gode velferdstenester med eit høgt lønnsnivå, sterk omstillingsvilje, konkurransekraft og gode økonomiske resultat. Nettopp derfor er vårt viktigaste prosjekt å sikre eksisterande arbeidsplassar og å skape nye.

Arbeidarpartiet vil ha eit skatte- og avgiftssystem der alle bidreg. For Arbeidarpartiet er det ei kjerneoppgåve å utjamne sosiale og geografiske forskjellar. Derfor vil Arbeidarpartiet utnytte ressursane og mulegheitene i heile landet, og jobbe for å oppretthalde arbeidsplassar og busetting i distrikta. Vi vil ha meir fellesskap og rettferd, ikkje større ulikskap.

Vi vil stille krav – vi vil stille opp – vi vil sameine alle gode krefter. Vi tek Noreg og Sogn og Fjordane vidare.

NÆRING OG VERDISKAPING

Arbeid til alle er ei kjernesak for Sogn og Fjordane Arbeidarparti. Verdiane må skapast før dei kan fordelast som velferdsgodar. Arbeid gir økonomisk tryggleik, og høve til å utvikle egne evne. På same tid er det viktig å ta vare på sosiale rettar og velferdsgode som er utvikla mellom partane i arbeidslivet. Skal vi få vekst i kommunar og fylke må vi trygge eksisterande – og utvikle nye arbeidsplassar. Derfor vil vi drive ein aktiv næringspolitikk.

Naturressursane er grunnlaget for ein stor del av fylket si verdiskaping, og vil vere svært viktige også i framtida. Desse næringane kan gi grunnlag til vidare vekst. Det er vår grunntanke at desse ressursane tilhøyrer fellesskapet, og at ressursane skal gje lokal verdiskaping, og utvikle berekraftige lokalsamfunn.

Regionale utviklingsmidlar og kommunale næringsfond er av stor betydning for næringsutviklinga i fylket. For å stimulere til vekst og innovasjon må vi sørgje for at nystarta

bedrifter og gründerar møter velvilje og støtte frå kommunane. Vi må jobbe for å betre tilgang til risikokapital for næringslivet i fylket.

Sogn og Fjordane er eit stort eksportfylke, der hamnene har ein vesentleg funksjon som må vidareutviklast. Mange lokalsamfunn er avhengige av industriverksemder innan olje, marine- og maritime næringar, metallproduksjon, mineral og energi. Vi vil ha stor trong for kompetent arbeidskraft. Dette krev tett samarbeid mellom verksemder, kunnskapsmiljø og offentleg sektor. Sogn og Fjordane Arbeidarparti vil stø ei vidareutvikling av slike aktive samarbeid.

Sogn og Fjordane Arbeidarparti vil ha eit levande landbruk i heile fylket. Landbrukspolitikken må ha ei slik innretning at det kan produserast mat over heile landet, og fjord- og fjellandbruket må få større merksemd. Ved sidan av å utnytte naturressursar til matproduksjon gir distriktslandbruket busetting, sysselsetting og grunnlag for anna næringsverksemd.

Det er store havområde med enorme ressursar utanfor kysten vår. Sogn og Fjordane Arbeidarparti si haldning er at desse ressursane tilhøyrer fellesskapet. Vi er imot evigvarande fiskekvotar. Forvaltninga skal gje grunnlag for sterke fiskestammar, stor verdiskaping og sterke lokalsamfunn langs heile kysten. Arbeidarpartiet vil arbeide vidare med å få på plass interkommunale kystsonoplanar, der alle interessene i kystsona vert ivaretekne. Det er viktig å sikre lokalt eigarskap i havbruksnæringa.

Sørvisnæringa og sentrumsaktivitetar er sterkt veksande og viktige for folkeveksten i fylket. Arbeidarpartiet vil ha ein vidare vekst i sentra for å styrke bu- og arbeidsområda.

Ein aktiv næringspolitikk skal bidra til å skape eit enno meir konkurranse- og omstillingsdyktig næringsliv i heile fylket.

Derfor vil Sogn og Fjordane Arbeidarparti

- jobbe for å styrke petroleumsaktiviteten i fylket. Aktiviteten i havområda utanfor Sogn og Fjordane må bli gjenspegla gjennom auka aktivitet i fylket
- arbeide for å sikre rammevilkår og utvikle den kraftforedlende industrien for framtida
- utnytte mineralressursane på ein berekraftig og miljøvenleg måte for å auke verdiskapinga og utvikle lokale arbeidsplassar
- arbeide for å sikre og utvikle SFE (Sogn og Fjordane Energi) gjennom fylkeskommunen sin eigarskap
- utvikle og framleis sikre offentleg eigarskap i arbeidsmarknadsbedriftene
- arbeide for betre marknadsføring, tilrettelegging og styrking av reiselivs- og opplevingsnæringane i fylket
- etablere og støtte aktivt opp om næringsklynger innan bl.a. industri, teknologi og helse

- at fylkeskommunen skal vere ein samarbeidspart for å vidareutvikle eksisterande og ny næring
- stimulere til samarbeid mellom kommunar og næringsliv for felles utvikling
- vere regional utviklar, i samspel med Innovasjon Noreg og næringslivet
- sikre utbygging av digital infrastruktur i heile fylket
- tilby vidaregåande utdanningar i samsvar med næringslivet sine behov. Yrkesfaga må ha høg prioritet
- at det ved utlysing av anbod skal det som hovudregel bli lagt til grunn krav om lærlingordning og tariffavtalar
- arbeide for at det vert etablert eit rekrutteringsfond for unge fiskarar i Sogn og Fjordane
- arbeide for fortsatt aktivitetsplikt og rullerande MTB (maksimalt tillaten biomasse), for å sikre vekst og auka sysselsetting knytt til havbruksnæringa i Sogn og Fjordane
- gjennom tett samarbeid med dei marine næringane og utdanningsinstitusjonar i og utanfor fylket utvikle utdanningstilbod på vidaregåande og høgare nivå, slik at dei stettar behova for rekruttering og kompetanseutvikling
- arbeide for å få på plass eit marint NCE (Norwegian Centre of Expertise) i Sogn og Fjordane
- arbeide for sterkt jordvern for å sikre matproduksjon
- utforme rammevilkåra slik at yrkesutøvarane i landbruket blir sikra ei inntektsutvikling og sosiale vilkår på linje med andre grupper
- styrke næringsmiddelindustrien gjennom ein landbrukspolitik som sikrar stor produksjon av råvarer i Sogn og Fjordane
- utøve ei aktiv og målretta rovdyrforvaltning som sikrar fylket som beiteprioritert område i tråd med vedteken rovviltpolitikk
- arbeide for å innføre felles regional nett-tariff for heile landet

SAMFERDSLE OG KOMMUNIKASJON

Gode kommunikasjonar er ein viktig nøkkelfaktor for å sikre busetnad og næringsutvikling. Sogn og Fjordane Arbeidarparti vil ha eit godt offentleg transporttilbod. Vedlikehald og utbetring av vegstandard må halde fram. Fylket må bli sett i stand til å ruste opp tunnelane.

Arbeidarpartiet har som mål å oppretthalde flyplasstrukturen i fylket og vi vil arbeide for betre og billigare rutetilbod innanfor anbodssystemet.

Sogn og Fjordane Arbeidarparti vil arbeide for at oppstarta prosjekt og prioriterte veganlegg i Nasjonal Transportplan og Regional Transportplan vert fullført som planlagt, eller om muleg framskunda. Vi vil arbeide for at det vert auka rammer til vegbygging og rassikring i fylket. Det er viktig å sikre at den nasjonale, øyremerka ramma til rassikring aukar årleg.

Arbeidarpartiet vil prioritere løyvingar til trafikktryggleik, og gang- og sykkelveggar. Visjonen om 0 drepne og 0 hardt skadde i trafikken (0-visjon) må stå fast.

Sogn og Fjordane Arbeidarparti vil at den parsellvise opprustinga av E16 og E39 skal halde fram som planlagt gjennom heile fylket. I tillegg er det naudsynt å få ei opprusting av RV 15 over Strynefjellet og heilårsveg over Vikafjellet, RV 13.

Det er særleg viktig å få på plass planleggingsmidlar for E39 i noverande NTP-periode. Dette for at stamvegstandard med gul midtstripe gjennom heile fylket kan komme på plass i neste NTP-periode.

Derfor vil Sogn og Fjordane Arbeidarparti

- arbeide for betre mobildekning og utbygging av fibernett i fylket
- følgje opp vedtak i Nasjonal Transportplan om Stad skipstunnel
- arbeide for betre sikring, merking og utdjuping av skipsleiene
- arbeide for auka løyvingar til «Aksjon skuleveg» og vidare utbygging av gang- og sykkelveggar
- arbeide for utbygging av naudnett og trafikktryggingstiltak i tunnelar
- arbeide for auka ferjefrekvens for Måløy – Oldeide, Lote – Anda og Vangsnes – Hella – Dragsvik
- arbeide for fullføring fv 60 Olden – Innvik
- arbeide for realisering av Kystvegen Ålesund – Bergen, med vektlegging på snarleg oppstart på strekninga Florø – Måløy (45-minuttsregionen) med ferjefri kryssing over ytre Nordfjord
- vidareføre arbeidet for å få realisert Førdepakken
- oppruste fylkesvegane
- arbeide sterkt for ordninga med ferjeavløysingsmidlar
- støtte utgreiing av ny stamvegtrase Stavanger/Bergen – Trondheim gjennom Årdal/Luster

KLIMA, MILJØ OG ENERGI

Verda står i dag overfor store miljø- og klimautfordringar. Mange av desse utfordringane krev store nasjonale og internasjonale tiltak, men det finst også gode lokale løysingar. Vind- og vassressursane i fylket kan bidra til å oppfylle nasjonale mål.

Ein stor del av dagens klimagassutslepp skjer i transportsektoren. Dette er ein sektor der fylkeskommunane har stor påverknad på korleis tilbod blir utforma og kva løysingar som blir valde. Fylkeskommunen må ha fokus på miljø- og klimakrav og legge til rette for løysingar som gir mindre utslepp og gjer det rimeleg og enkelt å velje klimavenleg.

Sogn og Fjordane Arbeidarparti bygger sin miljøpolitikk på prinsippet om berekraftig utvikling. Det betyr at vi må ha ei forsvarleg og langsiktig forvaltning av naturressursane våre. Vi er eit fylke som er rikt på natur og ressursar. Vi har viktig industri og mange arbeidsplassar knytt til utvinning og bruk av energi. Naturressursane i fylket må nyttast på ein berekraftig måte. Som eit fylke med mykje energi må Sogn og Fjordane ta eit ekstra ansvar for klimaarbeidet. Vi må handle lokalt og tenkje globalt.

Derfor vil Sogn og Fjordane Arbeidarparti

- at fylkeskommunen skal vektlegge klima og miljø sterkare ved anbod og kontrakter
- arbeide for omlegging til miljøvenlege energiformer i fylkeskommunale bygg
- auke den fornybare energiproduksjonen i fylket
- arbeide for miljøvenleg utnytting av naturressursar som olje, gass og mineral
- arbeide for omlegging til miljøvenleg drivstoff i kollektivtrafikken
- arbeide for å legge til rette for fleire ladestasjonar for el-bilar i fylket
- vere pådrivar for meir forskning på og bruk av miljøvenleg teknologi
- arbeide for at vindkraftkompetansen i fylket får høve til utvikling gjennom prosjekt i kystnære strok
- sikre samfunnsnyttig bruk av vasskraft gjennom offentleg eigarskap
- legge til rette for overgang av godstransport frå veg til sjø
- Arbeide for felles tariff for regionalnettet

KUNNSKAP FOR FRAMTIDA

Arbeidarpartiet vil ha ein fellesskule som samlar alle born på tvers av ulik bakgrunn. Det vil skape toleranse og respekt for andre. Fellesskulen sikrar alle like mulegheiter.

Vårt mål er at den vidaregåande opplæringa i Sogn og Fjordane framleis skal vere den beste i landet, tilpassa næringslivet og samfunnet sine behov. Fylkeskommunen skal vere ein god og tydeleg skuleeigar saman med dei tilsette for å nå dette målet.

God oppfølging av kvar elev og tilpassa opplæring for alle er viktig for å sikre gode resultat i skulen vår. Dei vidaregåande skulane må i større grad vere ein arena for livslang læring til beste for den enkelte elev, og den må sikre næringslivet sine behov for arbeidarar med rett kunnskap.

Det er viktig å setje i verk tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Det er viktig at ungdom i større grad vert motivert til å velje yrkesfag, og å sikre eit løft for fagopplæringa og fagskulen.

Høgskulen i Sogn og Fjordane er heilt sentral i utvikling av fylket vårt. Vi ønskjer derfor ein sjølvstendig høgskule i Sogn og Fjordane som gjennom eit tett og forpliktande samarbeid med andre institusjonar innan høgare utdanning sikrar relevant utdanning av høg kvalitet.

Derfor vil Sogn og Fjordane Arbeidarparti

- styrke utdannings- og yrkesrådgjevinga for å sikre rett yrkesval og hindre fråfall etter vidaregåande skule
- oppretthalde ein desentralisert vidaregåande skulestruktur som er tilpassa framtida sitt behov
- opne for å prøve ut ei 8-13-løysing, for å auke gjennomføringa og for å oppretthalde eit desentralisert vidaregåande skuletilbod
- at fylkeskommunen skal vere ei aktiv læringsverksemd
- styrke samarbeidet mellom grunnskulane og dei vidaregåande skulane for å lette overgangen mellom dei ulike skuleslaga
- styrke samarbeidet mellom dei vidaregåande skulane
- auke etter- og vidareutdanning av lærarar og betre rekrutteringa av nye lærarar
- ha nulltoleranse mot mobbing og forvente at alle skular har antimobbepplanar som vert aktivt brukt
- arbeide for tiltak som hindrar fråfall, mellom anna innføring av vekslingsmodellen som gjev ein betre balanse mellom teoretiske undervisning og praksisdell i yrkesfaga
- vidareutvikle ordninga med opplæringsfartøy ved Måløy vidaregåande skule som ein viktig del av marin og maritim satsing
- ha ordning med miljøkoordinator og arbeidslivskontakt ved alle skulane
- sikre fagskulen og arbeide for betre finansiering frå staten som dekker alle kostnadane
- arbeide for at arbeidstidsavtalen til lærarane framleis skal ha stor fleksibilitet, og avspegle særpreget i læraryrket

UNG I SOGN OG FJORDANE

Ungdomen sitt val er avgjerande for utviklinga av Sogn og Fjordane. Dei unge er ein av dei viktigaste ressursane vi har. Sogn og Fjordane Arbeidarparti vil vere en pådrivar for å skape trivsel og tilhøyr til fylket.

Det er viktig at dei unge sjølve får høve til å påverke sin eigen kvardag og at dei er godt kjende med kva mulegheiter som finst innan utdanning, arbeidsliv, næringsliv, fritidsaktivitetar og kulturtilbod i fylket.

Derfor vil Sogn og Fjordane Arbeidarparti

- satse på betre transportordningar for ungdom, eksempelvis «Trygt heim for ein femtilapp», fleksibel skuleskyss, og utvikling av ungdomskortet

- halde prisen på ungdomskort på eit rimeleg nivå
- innføre studentkort/rabatt for lærlingar
- samarbeide med andre fylke for å skape eit felles ungdomskort på tvers av fylkesgrenser
- arbeide for å styrke skulehelsetenesta ved dei vidaregåande skulane
- legge til rette for eit godt ungdomsdemokrati gjennom ungdomsråd og fylkeesting for ungdom, samt tverrpolitiske samlingar
- innføre rosa-resepten som sikrar gratis prevensjon for alle mellom 16 og 25 år
- bygge opp under det gode arbeidet som vert lagt ned i Ungt entreprenørskap i fylket
- vere pådrivar for å utvikle traineeordninga i fylket
- arbeide for å oppretthalde og vidareutvikle UKM
- oppretthalde og vidareutvikle Ungdommens fylkeesting

IDRETT OG KULTUR

Vi ønsker at innbyggerane i Sogn og Fjordane skal ha eit breitt idretts- og kulturtilbod med mange medlemmer i lag og organisasjonar innan idrett, musikk og kunst mm. Kultur er eit «krydder» i folks liv og idretten er eit viktig samlingspunkt som skaper aktivitet og engasjement. Gode idrett- og kulturaktivitetar er viktige også i eit folkehelseperspektiv. Arbeidarpartiet vil støtte opp om dette gode arbeidet.

Samspelet mellom det offentlege, som byggjer og driftar anlegg, og det frivillige arbeidet i lag og organisasjonar er avgjerande for å halde oppe den store aktiviteten som vi har i dag. Arbeidarpartiet vil jobbe for at det skal finnast gode finansieringsmodellar for idrett og kulturanlegg.

Naturen og kulturen i fylket gir oss tilgang til store opplevingar. Fjella, breane og fjordane våre, saman med idrett- og kulturarrangement, skaper arbeidsplassar og næringsaktivitet fleire stader. Fylket har eit potensiale innan reiselivsnæringane og Sogn og Fjordane Arbeidarparti vil støtte opp under kulturtiltak og arbeidsplassar i skjeringpunktet mellom kultur og næring.

Derfor vil Sogn og Fjordane Arbeidarparti

- gje alle innbyggerane i fylket tilgang til eit spennande og breitt kulturtilbod
- støtte opp om idrettsaktivitetar i fylket og halde fram med å gje tilskot til fylkesidrettsanlegga
- vidareutvikle og støtte arbeidet med «Den kulturelle skulesekken» og «Den kulturelle spaserstokken»
- samarbeide med idrett- og kulturorganisasjonar for å integrere innvandrarar
- legge til rette for meir fysisk aktivitet i vidaregåande skule

- støtte opp om samfinansieringsinstitusjonane (t.d. Sogn og Fjordane Teater, musea) vi har i fylket og legge til rette for utvikling av nye kulturinstitusjonar
- ha tydeleg fokus på idrett utan alkohol og doping og fremje haldningsskapande arbeid
- styrke rolla fylket har som pådrivar innan regional og nasjonal språkpolitikk, med spesiell vekt på å sikre vilkåra til nynorsk

HELSE

Gode og likeverdige helsetenester skal vere tilgjengelege for alle når ein treng det, uavhengig av personleg økonomi eller kor ein bur. Det er det offentlege sitt ansvar å syte for gode helsetenester.

Sogn og Fjordane Arbeidarparti vil ha ei god og tilgjengeleg offentleg spesialisthelseteneste, der både Sentralsjukehuset og lokalsjukehusa fyller viktige funksjonar. Samarbeidet mellom spesialisthelsetenesta og kommunane må utviklast vidare gjennom samhandlingsreforma. Det er avgjerande at folk får hjelp når dei verkeleg treng det, og då må også akuttkjeda inkludert ambulansane fungere godt.

Rekruttering av helsepersonell vil vere ei stor utfordring framover, i alle ledd av helsetenestene. Det er lettare å rekruttere lokalt utdanna helsepersonell, også derfor har Høgskulen i Sogn og Fjordane ei viktig rolle.

Innanfor helsesektoren har fylkeskommunen ansvar for folkehelse og for tannhelse.

Folkehelse handlar ikkje berre om helsetenester, men om «heile livet». Dette arbeidet er svært viktig for å motverke sosial ulikskap og for å gje betre livskvalitet til innbyggjarane.

Arbeidarpartiet vil arbeide for at tannhelse skal vere det offentlege sitt ansvar på same måte som anna helseteneste. Dette er særleg viktig for dei gruppene som har størst behov, t.d. ungdom, eldre og rusmisbrukarar.

Derfor vil Sogn og Fjordane Arbeidarparti

- halde fram arbeidet med å få tannhelsetenesta likestilt med andre helsetenester
- oppretthalde desentralisert struktur på tannklinikkane i fylket, samt arbeide for å rekruttere tannlegar
- arbeide for rekruttering av legar og anna helsepersonell
- legge til rette for førebyggjande tiltak som fremjar god folkehelse
- stimulere til samarbeid med frivillige aktørar i helse- og omsorgstenester
- jobbe aktivt førebyggjande mot rusproblem, mellom anna ved å øymerke midlar og auke kunnskapen om dette i dei vidaregåande skulane

- auke fokuset på psykisk helse for barn og ungdom, mellom anna ved å jobbe for styrking av helseøstertilbodet i vidaregåande skule, og oppmode kommunane til samarbeid for å styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta 0-20 år.
- arbeide for å sikre at dei offentlege rusinstitusjonane, og tilbod innan det psykiske helsevernet vert oppretthalde og styrka
- arbeide for å få audiografi-tenester ute i regionane

Sogn og Fjordane Arbeidarparti vil halde fram den gode langsiktige styringa av fylkeskommunen sin økonomi innanfor dei rammene styresmaktene gir oss.

INVITASJON FRÅ FYLKESORDFØRAREN

Nærmiljøet og lokalsamfunna er ramma for liva våre. Arbeidarpartiet trur på sterke fellesskapsløysingar. Vi får meir til i lag enn kvar for oss. I Noreg organiserer vi fellesskapet i kommunar og fylkeskommunar. Regjeringa Solberg har sett i gong ei stor kommunereform som vi i dag ikkje veit resultatet av. Arbeidarpartiet støttar ikkje Regjeringa sin bruk av tvang for å gjennomføre ei kommunereform. Stortinget har vedteke at det skal vere eit regionalt folkevalt nivå i landet vårt, og Arbeidarpartiet meiner det avgjerande er kva oppgåver dei ulike nivå skal løyse til beste for innbyggjarane i sitt område.

Fylkesordføraren meiner at desentralisert makt og høg tillit mellom folket og staten gjer samfunnet vårt tryggare, meir tolerant og meir demokratisk. Eit nært politi med sivilt preg er ein av hjørnesteinane i dette samfunnet. Det same er nærleik til gode beredskapsløysingar.

Vi i Arbeidarpartiet vil at Sogn og Fjordane skal vere ein attraktiv region å bu, arbeide og leve gode liv i. Vårt mål er at innbyggjartalet skal vekse sterkare i åra som kjem. Derfor tek fylkesordføraren initiativ til breitt å samle gode krefter innan næringsliv, offentleg forvaltning, eldsjeler, kompetansemiljø, lag og organisasjonar, til ein felles innsats for å bygge merkevaren Sogn og Fjordane i eit langsiktig perspektiv, uavhengig av framtidig struktur på det kommunale og regionale forvaltningsnivået.

Same korleis grensene og storleiken blir på kommunar og fylkeskommunar, veit vi at det skal bu folk i Sogn og Fjordane. Vi vil gjere denne delen av landet vårt til framtidens førsteval for gründerar som vil utvikle framtidens arbeidsplassar, og til førsteval for miljømedvitne innbyggjarar som er opptekne av livskvalitet, natur, miljø og trygge lokalsamfunn. Vi vil det skal vera førstevalet for aktive arbeidstakarar som vil vere med å byggje gode bu- og arbeidsområde.

Bli med på laget for framtidens Sogn og Fjordane du også!

